

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 275/2024

2025/EØS/25/24

av 6. desember 2024

**om endring av vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og
sertifisering) og vedlegg IV (Energi) til EØS-avtala**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2023/2048 av 4. juli 2023 om endring av delegert forordning (EU) nr. 626/2011, (EU) 2019/2015, (EU) 2019/2016 og (EU) 2019/2018 med omsyn til krav til energimerking av klimaanlegg, lyskjelder, kjøle-/fryseapparat og kjøle-/fryseapparat til bruk ved direktesal⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg II og IV til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg II kapittel IV nr. 4m (delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 626/2011), 4x (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015), 4y (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2016) og 4za (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2018) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32023 R 2048:** Delegert kommisjonsforordning (EU) 2023/2048 av 4. juli 2023 (EUT L 236 av 26.9.2023, s. 1).”

Artikkel 2

I EØS-avtala vedlegg IV nr. 11m (delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 626/2011), 11x (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015), 11y (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2016) og 11za (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2018) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32023 R 2048:** Delegert kommisjonsforordning (EU) 2023/2048 av 4. juli 2023 (EUT L 236 av 26.9.2023, s. 1).”

Artikkel 3

Teksta til delegert forordning (EU) 2023/2048 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. desember 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

⁽¹⁾ TEU L 236 av 26.9.2023, s. 1.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 6. desember 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann